



ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Oppstart - Alver 203/46 m.fl. Sauvågen - reguleringsplan

Vi viser melding om oppstart av reguleringsplan for Sauvågen. Formålet med planarbeidet er utvida plass for eksisterande bedrift. Bedrifta utførar arbeid innan gjerdemontasje og portar, og har hatt drift sidan 1999. Det er eit ønskje om å kjøpe eit tilleggsareal i sør og opparbeide dette arealet til oppstilling av utstyr og større containerar. Det er ikkje planar om å utvide eller bygge nye bygg på tilleggsarealet, men tiltaket krev noko utfylling i sjø.

I samband med planarbeidet er det også ønskjeleg å regulere inn to naust i nord, som ei naturleg forlenging av naustområdet som alt er etablert der. Desse nausta er planlagt oppført i same storleik og utforming som tilgrensande, eksisterande naust. I tillegg er det ønskje om å regulere for småbåtanlegg aust for næringsarealet. I sør er det behov for avklaringar knytt til arealføremål i sjø. Arealet er i dag avsett til småbåtanlegg i KPA, men gjennom planarbeidet vil det vurderast om reguleringsplanen skal omdisponere arealet til *bruk og vern av sjø og vassdrag*.

Statsforvaltaren sine merknader

Planområdet ligg i strandsona og er i strid med overordna plan på fleire punkt. I utgangspunktet skal planlegging av strandsona skje i arealdelen av kommuneplanen. Alver kommune skal snart ha oppstart av kommuneplanen og vi meiner tiltaka høyrer heime i den prosessen.

Om ein likevel ønsker å gå vidare med reguleringsplanen no, er det viktig at verknad på strandsona vert vurdert i samsvar med Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Det ser ut som særleg landskapsverknader vert eit viktig tema, men også friluftsliv og naturmangfald.

Neset sør i planområdet ser ut til å ha gode landskapskvalitetar. Dette bør slik sett i størst mogleg grad takast vare på. Vi er positiv til at småbåtanlegget ytst på neset vert regulert til bruk og vern av sjø og vassdrag, då vi meiner at eit småbåtanlegg her vil vere i strid Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Vi viser til at det i retningslinjene står at:



«Landskapet langs kysten er viktig som grunnlag for opplevelser og kilde til identitet og livskvalitet for innbyggerne. Ved planlegging må det tas hensyn til å bevare landskapskvaliteter og å tilpasse det bygde miljø til omgivelsene.»

Utfylling av vika vil vere negativt for både naturmangfald og landskap. Begge delar må vurderast grundig i planprosessen. Slike grunnvassområde er ofte nytta som funksjonsområde for fuglar. Det er registrert fleire raudlista fugleartar i nærleiken, og utfyllinga kan vere negativ for desse. Vi er i utgangspunktet negativ til utfyllinga, og meiner det må gjerast ein grundig vurdering av om det finnes andre løysingar der ein kan unngå fylling i sjø og inngrep i den heilt nære strandsona.

Arealet rett sør for naustområdet har få strandsonekvalitetar igjen, men det bør vurderast nøye om det er ønskeleg å bygge private naust her, i staden for å ha arealet som næringsareal for framtidig behov. Det er også uklart for oss korleis ein skal få plass til parkering for småbåthamn og naust på eit næringsareal som allereie er pressa på areal.

Det er uklart om det i tidlegare kommuneplanprosessar er gjort konsekvensutgreiing på næring og småbåthamn ute på neset. BAB 9 (småbåtanlegg utanfor næringsarealet) var konsekvensutgreidd i samband med rulleringa i 2019. Her står det mellom anna at: *«Ålmenta sin tilgang til sjø skal sikres i detaljplan og omsynet til registrerte fulgeartar av nasjonal forvaltningsinteresse skal vurderast i detaljreguleringa.»* Vi legg til grunn at dette vert gjort.

For å sikre god framdrift i planprosessane deltar Statsforvaltaren gjerne på møte saman med kommunen dersom det er ønskeleg for å avklara vesentlege regionale og nasjonale interesser tidleg i planarbeidet.

Vi ønskjer lykke til vidare med planarbeidet !

Med helsing

Sarah Kvåle Skouen
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Alver kommune

Postboks 7900
Postboks 4

5020
5906

BERGEN
FREKHAUG